


Lenke 1 - HØYRING - Forslag til struktur i nytt fakultet for økonomi og samfunnsvitskap**1. Eg arbeider i/som**

Navn	Antall
AIØ/Bergen	2
ATØM/Haugesund	4
ASF/Sogndal	3
Prorektor	0
Fagforeningane ved HVL (virksomhetsnivå)	3
Andre	0
N	12

2. Oversikt over høringsinstanser (som har svart på høringen)

AIØ, Bergen:

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

ATØM; Haugesund:

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Forskningsprogram MARSAFE (Helle Oltedal)

ASF/Sogndal:

Instituttleder ved institutt for samfunnsvitenskap (Grete Netteland)

Reiselivsskildring (Ove Oklevik)

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Fagforeningane ved HVL:

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

NTL (Tone Skjerdal)

3. Her kan du koma med innspill til modell 1

Reiselivsskildring (Ove Oklevik)

Modell 1 vil kunne utløse eit fjerde leiarnivå ved instituttet for økonomisk fag, noko som vil kunne medføre:

- a. ei for lang linje
- b. ulik handsaming av tilsette ved fakultetet, ved at dei får ulik tilgang til nivå 3
- c. byråkratisering og mindre handlekraft i den daglige drifta
- d. redusert høve til å utvikle den dynamiske entreprenørskapen som bør kjenneteikna eit lite fakultet

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Modell 1 har en "klassisk" utforming som er oversiktlig og lett å implementere. Det er bra at minst ett av instituttene er campus overgripende. Det er uheldig at ett institutt har navnet Maritime fag, dette kan føre til misforståelser (tenker her på fag i FIN). Det hadde vært bedre å kalle det nautiske fag.

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Denne modellen er best av de 3. Institutt for øk fag bør hete økonomiske- og organisasjonsfag dersom admorgfagene inkluderes. Admfag er noe gammeldags idag. Vi vil helst fremme det dynamiske element i org og ledelsesfag. Vi må imidlertid sikre koplingen til inst for samfunnskunnskap. Orgfagene er også samfunnsfag og det bør benyttes fagfolk fra orggruppen i økorg inn i samf-fag master for å knytte miljøene sammen. Dette kan gjøres gjennom disiplingruppene nedenfor i modellen. Disse gruppene og forskningsgruppene vil om de blir ledet godt, kunne samvirke med instituttene i å bygge opp samarbeid på faglig grunnlag mellom campus'ene. Instituttleder vil ha en viktig oppgave her for å oppfylle meningen med fusjonen (å styrke kompetansen gjennom samarbeid på tvers av geografi og institusjon). Assistentlederne blir den praktiske armen inn i hver campus.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Denne modellen er nok den beste. Bortsett frå at Institutt for Maritime fag for kan skapa forvirring med FIN si satsing på Marin og Hav.

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Forskerforbundet ønsker likevel å framheva nokre sentrale ulemper ved modell 1 som er den modellen det er klart sterkast motstand mot blant Forskerforbundet sine medlemmer ved FØS på dei tre campusane Haugesund, Bergen og Sogndal.

Modell 1 vil kunne utløyse eit fjerde leiarnivå ved instituttet for økonomisk fag, noko som vil kunne medføra:

- a. ei for lang linje
- b. ulik handsaming av tilsette ved fakultetet, ved at dei får ulik tilgang til nivå 3
- c. byråkratisering og mindre handlekraft i den daglige drifta
- d. redusert høve til å utvikle den dynamiske entreprenørskapen som bør kjenneteikna eit lite fakultet

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Modellene kan ved første øyekast virke svært like, og det kan være vanskelig å se en tydelig forskjell mellom de ulike modellene.

Modell 1:

- Tydelige linjer og tydelig plassering av beslutningsmyndighet.
- En fordel at det er en leder for hvert institutt. På denne måten sikrer man at intensjonen med fusjonen oppfylles, og at man får en felles øk/adm-utdanning i HVL over flere campus.
- Modellen legger opp til felles studieprogram og kan på denne måten ivareta den enkelte campus uten at den same utdanningen ved de ulike campus må «kjempe mot hverandre».
- Vil bidra til at den enkelte ansatte opplever å være en del av en felles enhet, noe som forhåpentligvis kan bidra til stadig mer samarbeid innenfor instituttet på tvers av campus.
- Lik innflytelse i fakultetslederteamet når hvert institutt har en instituttleder.
- En mulig ulempe kan være hvis instituttleder ikke evner å etablere en god dialog med alle ansatte på alle campus, samt med de to vise-instituttlederne, kan det bli en litt lenger linje for noen av de ansatte i det største instituttet eller det kan fremtvinge et nivå 4.
- Viktig at instituttleder og vise-instituttledere utgjør et tett og godt team.
- Sikrer likebehandling og enhetlige tilbakemeldinger/praksiser.
- Tydelig og oversiktlig for eksterne.

Studieleiar Økonomi og administrasjon, Haugesund (Tone Merete Brekke)

Fagmiljøet ved økonomi og administrasjonsstudier ved campus Haugesund gir sin støtte til modell 1. Denne modellen blir av fagmiljøet oppfattet å være en fremtidsrettet modell som ivaretar både fusjonsplattform og strukturmelding/KD intensjoner om robuste fagmiljøer og gode faglige rammebetingelser for sunn drift og videre utvikling av utdanning, forskning og formidling av høy kvalitet innen fagfeltet.

Bakgrunnen for denne høringsuttalelsen er høringsmøte av 30.august der 11 fagtilsatte, studieleder, dekan og studiekonsulent (administrativ ansatt) deltok. Av totalt 12 fagtilsatte (dekan og studiekonsulent deltok ikke under avstemming) stemte 11 for modell 1 som sin foretrukne modell. En fagtilsatt stemte blankt.

Studiekonsulent og studieleder gjennomførte høringsmøte blant tillitsvalgte studenter på økonomi og administrasjonsstudiet den 23.august. Her møtte 7 tillitsvalgte studenter som representerer alle de tre studiekullene (2017, 2016, 2015). Studentene stemte ikke over de tre foreslåtte modellene, men la til grunn at modell 1 var å foretrekke ettersom den er enkel å forstå, virket godt egnet for samkjøring og felles studieløp/studiemuligheter mellom ulike campus i HVL, og ryddig og effektiv i forhold til beslutningsmyndighet. Studentene mente modell 3 i større grad kunne se ut til å ivareta de geografiske særegenheter ved ulike campus, men forutsatte at modell 1 gir rom for videreutvikling av alle campus og tett samarbeid med studenter på campus og instituttledelsen gjennom stedlig ledelse.

Fra høringsmøtet blant fagtilsatte ved økonomi og administrasjon trekker følgende frem som positivt ved modell 1:

- Modellen er godt egnet og tilrettelagt for samhandling internt innen et samlet øk. adm. fagmiljø
- Modellen legger til grunn at aktivitet i form av både utdanning og forskning kan skje på tvers av institutt
- Modellen svarer på bestilling om robuste fagmiljø og få, men store institutt (relativt - FØS er et lite fakultet)
- Modellen er en enkel ledelsesmodell som er tydelig og lett forståelig - den er enkel å kommunisere både internt og eksternt
- Modellen er godt egnet til å ivareta strategiske beslutninger
- Modellen gir dekan en ryddig ledergruppe og legger til rette for delegasjon

Instituttleder ved institutt for samfunnsvitenskap (Grete Nettelund)

For å sikre eit godt samarbeid på tvers av institutt og andre fakultet, meiner vi at vi må ha ein tydeleg leiarstruktur og ein tydeleg leiarstruktur. Eit anna element som har vore diskutert, har vore nærleik til personalet. Vi meiner at den modellen som løysar dette best, er modell 1. Denne bidrar til oversikt og ryddighet i organisasjonskartet og har eit tydeleg leiarstruktur der tre instituttleder inngår i ei leiargruppe saman med dekan. Modellen vil kunne bidra til gode prosessar internt og eksternt. Høyringsforslaget kunne vore styrka på kva for mekanismar ein konkret tenkjer seg skal bidra til samarbeid internt på institutta, på tvers av institutta og på tvers av fakultet. Rolla til forskingsgrupper bør løftast fram og knytast til vurdering av kva som skal danne grunnlaget for etablering for forskingsgrupper. Er det strategiske satsingar definert i fagmiljøa eller sentralt i leiinga, og vil gruppene vere knytt til fordeling av økonomiske ressursar, t.d. med omsyn til forskingsaktivitet? Ei tilsvarende vurdering må også løftast fram for vidareutvikling av eksisterande studietilbod og utvikling av nye, på tvers av institutt og fakultet. Dette må tydeleggjerast i modellen. Slik sett må dei to tverrgående elementa i modellen tydeleggjerast og foredrag og supplerast med eit tverrgående element som går på tvers av fakultet. Det er desse tre elementa som skal bidra til synergjar og redusere sub-optimalisering og silotenking innanfor det enkelte institutt og fakultet. Sidan øk-adm-miljøet i felles høyringsmøte signaliserte at modell 2 var deira primærval, ber vi om at det vert vurdert om nokon av elementa frå modell 2 kan inkorporerast i modell 1, men utan at det går på kostnad av det tydelege leiarstruktur og ryddigheiten som gjer at vi går for nettopp den første modellen (modell 1). Dette er ein modell som gir klare linjer for studentane- dette ser vi på som svært sentralt.

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Modell 1 sitt fortrinn er at den er straumlinjeforma i høve det som ser ut til å vere ønskt hovudmodell ved HVL. Linjene er klåre og det er tre institutt som utgjer den faglege aktiviteten og kvart av institutta med ein instituttleder. Med omsyn til fagleg samordning og fag-utvikling føreset denne modellen (som dei andre) at ein ser nytten og gevinsten i slike tiltak, spesielt vert dette sentralt på øk.adm.-instituttet som må ha nivå 4 leiarar for å tilfredstille fusjonsplattforma sitt krav om stadleg leiing og at styringsspenet skal ligge på under 30 tilsette pr. leiar. Sett ovanfrå (dekanen) er dette ein ryddig modell med klåre linjer, medan den ser noko meir problematisk ut frå den enkelte fagtilsette. Ulempene med denne modellen er så langt som eg kan sjå først og fremst knyt til institutt for økonomisk fag, der ein 1/3 av dei tilsette vil ha ein stadleg leiar som møter dekanen og 2/3 av personalet vil ha ein nivå 4 leiar som ikkje sit i dekanen si leiargruppe. Denne skeiv-fordelinga vert ytterlegare forsterka ved å sette dette opp mot at instituttledarane på dei to mindre institutta sit i leiargruppa. Utifrå min vurdering medfører dette ein styringsmessig og personalmessig risiko som ein må prøve å unngå. Fusjonen har mål om å skape meirgevinstar og gje høgare faglege mål for alle fagmiljøa på HVL. Frå øk.adm.-miljøa er det trekt fram at eit slikt mål må vere å bli ein internasjonalt akkreditert business school. Modell 1 kan ta denne ambisjonen innover seg ved å nytte namnet som er gjort framlegg om i modell 3 (Western Norway School of Business Administration and Innovation) for instituttet som har namnsetting «Institutt for økonomiske fag» i høyringa. Alternativt må instituttet endre namn til «Institutt for økonomisk-administrative fag» då det er langt meir ein økonomi (bedrifts- og samfunnsøkonomi) som er det faglege innhaldet i instituttet. I møta som har vore på IØA - Campus Sogndal er modell 1 den som har legst tilslutning, men den har noko oppslutning både som primærval og som sekundærval for nokre av dei som har modell 2 som primærval. Modellen har såleis om lag halvparten av tilslutninga til modell 2 og noko lægre tilslutning enn modell 3. Instituttleder ved IØA Campus Sogndal, har denne modellen med tilpassing av namnet (business school) som andre prioritering. Eg legg då og til grunn at styrings- og leiingsutfordringane i modellen må ein kunne kome fram til prinsipp som vert oppfatta som nokolunde aksepterte.

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Vi har tre hovudinnvendingar mot modell 1:

- a) Den gjer stor ulikevekt i fakultetet med to små og eitt stort institutt
- b) Leiarfunksjonen er for dårleg spesifisert. Den kan verte svært krevjande når utsiktene til administrativ støtte på nivå 3 er usikre. Særleg kan det bli krevjande å ha kapasitet til fagleg leiarstruktur.
- c) Vi har erfart i HiB og i HVL at linjeledelsen er svært belaste – ofte overbelasta. Eit nivå 4 og 5 vil vere krevjande. Vi trur viktige premiss frå fagpersonar, fagmiljø og lokale leiarar vil ha større vanskeleg med å nå fram dess fleire nivå organisasjonen har. Modell 1 gjer det naudsynt med eit nivå 4. Dette gjer at det sers viktige nivå for fagleg koordinering av utdanning og forskning vert nivå 5.

4. Her kan du koma med innspel til modell 2

Reiselivsskildring (Ove Oklevik)

2. Forskningsprogrammet for Innovasjon og verdiskaping i reiselivet v/IØA meiner modell 2 vil vera den beste for FØS blant dei modellane som er presenterte.

Ein sentral fordel ved modell 2 er at den balanserer to sentral omsyn;

1. den utnytter fordelane ved fusjonen ved å legge til rette for ei gradvis utvikling gjennom i første omgang danninga av ei felles, økonomifagleg overbygning på tvers av campusane Haugesund, Bergen og Sogndal.
2. den tek vare på eksisterande, lokale og godt fungerande fag- og arbeidsmiljø

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Ulik organisering kan få uheldige konsekvenser. I praksis kan det være uheldig med tre likeverdige ledere. Navne på Maritime fag bør endres.

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Felles for 2 og 3 er schoolbegrepet. Dette må vi legge bort inntil HVL er kvalifiserte til å konkurrere som business school. Pr. idag blir dette ikke godkjent av NOKUT og vil heller ikke bli forstått utad. Det blir kun Keiserens Nye klær. Vi bør sates på det som kan gjøre oss forskjellige fra andre, heller enn å søke en likhet vi ikke kan konkurrere om. Vi har styrker i maritime utdanning og offshoreforskning, vi har et sterkt innovasjonsmiljø som egentlig burde inkluderes i instituttet. Vi har sterke koplinger til næringslivet i regionene og da virker ikke navnet naturlig. La oss kalle det institutt. Denne modellen er imidlertid bedre enn modell 3, men det er uklar hvordan disiplingruppene vil koordineres. Det vil også bli en utfordring for dekan å samordne de 3 campuslederne og ressursfordelingen.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

School begrepet bør unngås. I Bergen finnes det allerede NHH og Bi som bruker Handelshøgskolebegrepet

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Forskerforbundet meiner modell 2 vil vera den beste for FØS blant dei modellane som er presenterte. Dette er likevel under føresetnad av ein grundig gjennomgang av kva som skal vera ansvarsfordelinga mellom dei tre school-leiarane, samt ei drøfting av namn-settinga av dei ulike einingane.

Ein sentral fordel ved modell 2 er at den balanserer to sentral omsyn;

1. den utnytter fordelane ved fusjonen ved å legge til rette for ei gradvis utvikling gjennom i første omgang danninga av ei felles, økonomifagleg overbygning på tvers av campusane Haugesund, Bergen og Sogndal.
2. den tek vare på eksisterande, lokale og godt fungerande fag- og arbeidsmiljø

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Viser til svar på modell 1 angående prosess med høringsmøter.

Fagtilsatte ved økonomi og administrasjon campus Haugesund oppfatter modell 2 som på mange måter lik som modell 1 i forhold til antall institutt (institutt for maritime fag, institutt for samfunnsvitenskap og en School i stedet for det tredje instituttet i modell 1), men med noen vesentlige forskjeller knyttet til ledelse og School betegnelse. Fagtilsatte ved campus Haugesund har følgende innspill til modell 2

- Modeller som viser 'School of Business Administration and Innovation' kan ikke støttes ettersom 'School of' oppfattes som en omskriving av Handelshøgskole men uten at aktiviteten i enheten kvalifiserer til det som NRØA og andre høyere utdanningsinstitusjoner i Norge vil anerkjenne som en legitim 'handelshøgskole'. Fagmiljøet advarer mot å bruke begrepet til pynt og også en eventuell forskuttering av nødvendige master og doktorgrader. HVL og FØS kan gjerne ha ambisjoner om å bli en handelshøgskole på sikt og bygge kapasitet og kompetanse mot dette, men bør avvente til dette er på plass før begrepet (norsk eller engelsk) brukes i organisasjonsmodellen.

- Modellen viser kollektiv ledelse i School of Business Administration and Innovation. Fagtilsatte oppfatter dette som en spennende tanke, men også som en tidkrevende modell som er urealistisk med tanke på at krav til effektivitet vil innebære mangel på slik tid. Kollektiv lederskap oppfattes dermed som en ulempe som vil kunne gi ekstra arbeid for dekan og uklarheter for andre ledere i fakultetet/andre i HVL/eksterne i forhold til beslutningsmyndighet og kommunikasjon. Kollektivt lederskap oppfattes som for krevende å få til å fungere og bør derfor unngås.

- Fagtilsatte stiller seg undrende til om modellen vil være robust nok i akkrediteringssammenheng ettersom akkreditering som handelshøgskole krever høy grad av autonomi. Det stilles spørsmål ved om foreslått ledelsesmodell i modell 2 ivaretar slik autonomi.

Instituttleder ved institutt for samfunnsvitenskap (Grete Nettelund)

Som eit nest-beste alternativ, vurderer vi modell 2. Vi ser at denne har eit fornyande elemnet i form av kollektivt leiarskap. Konkretisering og arbeidsdeling mellom leiarane på dette nivået er førebels ikkje avklart og kan skape uklare forventningar og liner. Vi har forståing for at eit kollektivt leiarskap kan vere spennande og kreativt for utvikling av ein school, men det kan samstundes opplevast som krevjande for andre som ønskjer å samarbeide med denne. Dersom ein i denne modellen tenkjer seg å opne for ei leiargruppe på fem (1+1+3) i tillegg til dekan, kan dette gjere det vanskeleg å nå fram for dei to andre institutta som berre har 1 kvar i denne gruppa. Spesielt i ein oppstartsfase kan dette utfordre samarbeid og synergjar på tvers av institutt. For eit lite og mest truleg utsett fakultet som raskt bør vise til gode resultat, kan dette bli problematisk. Også til modell 2 har vi same kommentarar som i modell 1, at tverrgåande element som fagmiljø/disiplin, forskingsgrupper og studietilbod må tydeleggjerast og inkorporerast i modellane. Vi vil og nemne at vi er usikre på om denne modellen er tydeleg nok for studentane. Det faktum at dette instituttet er det største innanfor fakultetet med sine nesten 80 tilsette, gjer at dette poenget ikkje må undervurderast. Om denne modellen vert vald, bør den jobbast vidare med slik at den fangar opp dette med tydeleg leiarskap, klarheit for studentane og forpliktande samarbeid på tvers av heile FØS.

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Modell 2 er den modellen som klårast signaliserer ei fagleg-strategisk satsing innan FØS ved at dei økonomisk-administrative faga vert samla i eining som utgjer ein «School of Business Administration and Innovation». Frå fleire hald er dette trekt fram som svært viktig då konkurransen om studentar innan dette fagfeltet er prega av handelshøgskular («business schools») ved dei aller fleste andre institusjonane som tilbyr slik utdanning. «School of Business Administration and Innovation» blir her primæreininga som alle tilsette og studentar (innan desse faga) er knytte til, har sin identitet til og produserer og publiserer under. Modellen byggjer opp under fagleg samordning og vil kunne styrkje samarbeidet på tvers sidan dei gjennomgåande faga (øk.adm.) i FØS er samla i ei eining. Modellen har og ein styrkje i at alle fagtilsette på FØS har ein nivå 3 leiar og nivåforskjellane omtalt i modell 1 er såleis ikkje til stades. Vidare syner Modell 2 korleis ein kan organisere eit noko mindre fakultet som har fagleg aktivitet på 3 campus og med ulike fagkombinasjonar på dei ulike campus, utan å måtte byggje eit høggre hierarki.

Ulempene med Modell 2 er at den kan synast noko umoden med omsyn til leiarstruktur, ved at kva som ligg i kollektiv leiarskap med 3 likeverdige leiarar ikkje er mykje omtalt i høyringsbrevet.

Forbetringar av modell 2 ligg for det første i å gå igjennom og klårgjere leiarskapet for «business school» delen av modellen. Her kan noko t.d. presiserast i stadleg leiing og gjennomgåande leiing (t.d. for område som utdanning, forskning og innovasjon). Instituttleder ved IØA Campus Sogndal finn faren med å prøve ut ein slik leiarmodell mykje mindre enn det som elles har kome fram i ulike fora. Gevinsten ved å klare å bli samkjørte for leiarane i denne gruppa vil vere store og såleis vil det vere betydeleg risiko for dei ved å måtte nytte dekanen som avgjerdsmynde. Om det over tid skulle syne seg at det vert regelen, så har leiargruppa sett seg sjølv på sidelinja og ny modell må utviklast. Vidare har det undervegs kome fram at namnsettinga brukt i modell 3 (Western Norway School of Business Administration and Innovation) og bør nyttast i denne modellen.

I høyringar og høyringsmøte ved IØA Campus Sogndal har modell 2 fått høgst tilslutning. Omlag halvparten av dei tilsette som har ytra seg går inn for denne modellen som sitt primærønske. Vidare er dette sekundærønske til dei fleste av dei som har enten modell 1 eller modell 3 som sitt primærønske. Ein slags konklusjon på dette er at modellen framstår som eit kompromiss som få har mykje imot.

Instituttleder for IØA Campus Sogndal går inn for Modell 2 som sitt primærval, men ønsker at namnsettinga vert Western Norway School of Business Administration and Innovation.

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Fagmiljøet ønsker modell 2 som alternativ 2.

5. Her kan du koma med innspel til modell 3

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

I denne modellen er ingen av instituttene campus overgripende, Dette bryter med fusjonsplattformen og er ikke ønskelig. Her kan det bli vanskelig med samarbeid på tvers. Forskningsgrupper på tvers er positivt. Navnet maritime fag er uheldig.

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Dette er den dårligste modellen. Skulle vi valgt den, hadde vi ikke trengt noen fusjon. Her er det ingenting som virker nok på tvers av geografi. "Programkoordinering i tverrgående struktur" blir kun talemåter dersom det ikke blir en del av organisasjonsstrukturen. Da blir det fullstendig avhengig av personlige og faglige egenskaper hos ledelsen. Vår erfaring fra den tidligere høyskolen med to campus viser dette. Schoolbegrepet har jeg kommentert i model 2. Det gjelder her også.

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Dersom modell 2 ikkje blir valt, vil Forskerforbundet ved FØS føretrekka modell 3

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Modell 3:

- Slik vi ser det er denne organiseringen en videreføring av dagens struktur, og dermed lite hensiktsmessig når man skal bygge en ny insitutsjon.
- Med tre instituttledere er det stor fare for at insituttet «overadministreres», og at det blir ulik behandling av studenter og ansatte mellom de ulike campus.
- Denne organiseringen vil kunne føre til utfordringer knyttet til avgjørelser om satsningsområder innad i insituttet.
- Med tre instituttledere for øk/ad i fakultetsledelsen, vil dette insituttet kunne kjøre over de andre instituttene i fakultetet ved uenighet. Dette er svært uheldig.
- Mulig at denne modellen kan virke «tryggere» for de fagansatte.

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Viser til svar på modell 1 angående prosess med høringsmøter.

Fagtilsatte ved økonomi og administrasjon på campus Haugesund støtter ikke modell 3 og mener dette er en modell som i liten grad svarer på intensjonen som ligger til grunn i både fusjonsplattform og strukturmelding/KD intensjon. Modellen oppfattes å sementere eksisterende struktur ved at den i liten grad oppfattes som campusovergripende og har med totalt fem institutt en spredning som vil vanskeliggjøre samhandling og gjøre ledelsen av fakultetet unødvendig toptung.

Fagtilsatte ved campus Haugesund ser at modell 3 kan oppleves som trygg og velkjent, men mener likevel det på sikt vil være hensiktsmessig å allerede nå gjøre strukturelle grep som klargjør HVL/FØS til konkurranse med andre institusjoner både nasjonalt og internasjonalt.

Instituttleder ved institutt for samfunnsvitenskap (Grete Nettelund)

Med omsyn til modell 3, meiner vi at den er for lik noverande løysing og kan lett sementere dagens struktur. Samstundes kan den opplevast som ei svært lukka eining, med geografisk avgrensa institutt. Å byggje samarbeid på tvers av geografi og på tvers av fag kan bli ressurskrevjande også i denne modellen i ein oppstartsfase. Også internt i School'en kan det bli ein ressursdiskusjon som vil kunne krevje mykje merksemd i ein oppstartsfase. Utover dette gjeld også her det vi har sagt i modell 1 om behovet for tverrgående synergifremjande element innanfor utdanning og forskning, også.

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Modell 3 sin styrkje er at den ikkje endrar på velfungerande primæreiningar i HVL. Det ligg ikkje føre nokon analyse av at det er manglar, hull eller sviktande system for primæraktiviteten (utdanning og FOU) som må helst eller forbeholdt i FØS. Dette tilseier at ein bør vere forsiktig med å eksperimentere med utdannings- og forskingsleiing i FØS. Modellen styrkjer såleis det eksisterande og tilfredsstillar fusjonsplattform sitt krav til stadleg leiing og styringsspenet for løyst gjennom institutt med ein storleik på under 30 tilsette. Vidare vert dei 5 institutta sin variasjon i storleik ikkje urovekkande og ein har ein oversiktleg struktur.

Ulempen med modellen er at «Western Norway School of Business Administration and Innovation» vert ei overbygning av tre autonome institutt, og dette skaper visse knyt til legitimiteten og den faglege ambisjonen som ligg i denne «school-organiseringa». Det har og blitt stilt spørsmålsteikn ved om denne organiseringa er bindande nok i høve til internasjonal akkreditering som «business school» og om eventuell mastersatsing innan øk.adm.-område (t.d. siv.øk.-utdanning) vil bli hemma av at ein ikkje vil kunne nytte tilsette på tvers i ein NOKUT-søknad. Samla sett så vert kritikken mot denne modellen at den i for liten grad tilpassar seg ambisjonane om samordning som ligg i fusjonen av HVL. Modell 3 har noko oppslutning ved IØA Campus Sogndal (litt høgre enn modell 1 som primærval) og er sekundærvalet til ein del som har modell 2 som primærval. Slik instituttleiaren ser det er det stadleg leiing, manglande analyse av behovet for ny-organisering av primæraktiviteten og liten tru på gevinstrealisering i dei andre modellane ligg til grunn for dei som ønskjer denne modellen.

Institutteliear ved IØA Campus Sogndal ønskjer ikkje modell 3. Modellen er likevel betre enn modell 1 dersom denne modellen ikkje tek innover seg og synleggjer den faglege ambisjonen som ligg i å etablere ein «business school».

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Vår støtte til modell 3 som første val grunnjer vi slik:

- a) Dei 5 institutta i FØS er i dag vel fungerande einingar. Organisasjonen på nivå 3 skal i åra som kjem ha ansvar for omfattande fagleg innovasjon med samordning av undervisning - emne, og program og samarbeid om FOU og formidling. Vi meiner ny organisasjonen må sikre stabil fagleg organisering for å realisere dei viktige måla med fagleg samarbeid i fusjonen.
- b) Modell 3 har likskap med modell 2 ved at tre institutteliearar må samarbeide tett og likeverdig i ramma av ein School. Dette skal være ein spanande Vestlands nyskaping av det som i Bergen og andre deler av landet vert namngitt «Handelshøgskule». Skulen skal være tett kopla på samfunns- arbeids- og næringsliv i dei tre vestlandsfylka.
- c) Den sentrale koordinerings- og samordningsmekanismen i Modell 3 til liks med modell 2 er campus-tverrgåande fagkomitear for utdanningsprogram, disiplinær og forskning. Avgjersler om programsamordning vært teikne mellom institutteliearane i dialog med dekan.
- d) Modell 3 gir også entydig rom for fusjonsplattformens forutsetning om at det skal være kort veg mellom lokal leder og ansatte med max. 25-30 ansatte for hver leder.

6. Her kan du trekke fram fordelar og ulemper ved modellane som er presentert.

Reiselivsskildring (Ove Oklevik)

Forskningsprogrammet for Innovasjon og verdiskaping i reiselivet v/IØA sluttar seg i stor grad til synspunkta til forskarforbundet ved FØS:

1.Fordelane og ulempene ved dei tre modellane er godt gjort greie for i høyringsbrevet.

Vi ønskjer likevel å framheva nokre sentrale ulemper ved modell 1:

Modell 1 vil kunne utløyse eit fjerde leiarnivå ved instituttet for økonomisk fag, noko som vil kunne medføra:

- a. ei for lang linje
- b. ulik handsaming av tilsette ved fakultetet, ved at dei får ulik tilgang til nivå 3
- c. byråkratisering og mindre handlekraft i den daglige drifta
- d. redusert høve til å utvikle den dynamiske entreprenørskapen som bør kjenneteikna eit lite fakultet

2. Forskningsprogrammet for Innovasjon og verdiskaping i reiselivet v/IØA meiner modell 2 vil vera den beste for FØS blant dei modellane som er presenterte.

Ein sentral fordel ved modell 2 er at den balanserer to sentral omsyn;

1. den utnytter fordelane ved fusjonen ved å legge til rette for ei gradvis utvikling gjennom i første omgang danninga av ei felles, økonomifagleg overbygning på tvers av campusane Haugesund, Bergen og Sogndal.
2. den tek vare på eksisterande, lokale og godt fungerande fag- og arbeidsmiljø

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

1) Her har vi klassisk modell som vil være lettere å implementere jf. tidligere merknader.

2)

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Kommentert under hver.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Modell 1 er den klart beste modellen for å organisera FØS på. Den modellen gir i størst grad eintydig leiing, enklast struktur og lik organisering som dei andre institutta i fakultetet. Ein bør unngå bruke «school»-namnet som i modell 2 og 3, og ein bør heller ikkje bruke namn som liknar på «handelsskole». For campus Bergen vil det være sterkt uheldig med konkurransen som finns frå NHH og BI i Bergen.

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Modellene kan ved første øyekast virke svært like, og det kan være vanskelig å se en tydelig forskjell mellom de ulike modellene.

Modell 1:

- Tydelige linjer og tydelig plassering av beslutningsmyndighet.
- En fordel at det er en leder for hvert institutt. På denne måten sikrer man at intensjonen med fusjonen oppfylles, og at man får en felles øk/adm-utdanning i HVL over flere campus.
- Modellen legger opp til felles studieprogram og kan på denne måten ivareta den enkelte campus uten at den same utdanningen ved de ulike campus må «kjempe mot hverandre».
- Vil bidra til at den enkelte ansatte opplever å være en del av en felles enhet, noe som forhåpentligvis kan bidra til stadig mer samarbeid innenfor instituttet på tvers av campus.
- Lik innflytelse i fakultetslederteamet når hvert institutt har en instituttleder.
- En mulig ulempe kan være hvis instituttleder ikke evner å etablere en god dialog med alle ansatte på alle campus, samt med de to vise-instituttlederne, kan det bli en litt lenger linje for noen av de ansatte i det største instituttet eller det kan fremtvinge et nivå 4.
- Viktig at instituttleder og vise-instituttledere utgjør et tett og godt team.
- Sikrer likebehandling og enhetlige tilbakemeldinger.
- Tydelig og oversiktlig for eksterne.

Modell 2:

- Kollektiv ledelse kan oppleves uryddig, kaotisk og uoversiktlig for de ansatte, de tre instituttlederne, samt den øvrige institusjonen og eksterne parter.
- Hvis ikke den kollektive ledelsen fungerer optimalt, vil det kunne føre til utfordringer med likebehandling, samt knyttet til avgjørelser om satsningsområder innad i instituttet.
- Med tre instituttledere for øk/ad i fakultetsledelsen, vil dette instituttet kunne kjøre over de andre instituttene i fakultetet ved uenighet. Dette er svært uheldig.
- Slik vi ser det tar ikke denne organiseringen inn poenget med fusjonen, og vil kunne føre til at «alt er som før». I tillegg kan det bidra til at ulike campus står mot hverandre og at hver kjemper for seg.

Modell 3:

- Slik vi ser det er denne organiseringen en videreføring av dagens struktur, og dermed lite hensiktsmessig når man skal bygge en ny institusjon.
- Med tre instituttledere er det stor fare for at instituttet «overadministreres», og at det blir ulik behandling av studenter og ansatte mellom de ulike campus.
- Denne organiseringen vil kunne føre til utfordringer knyttet til avgjørelser om satsningsområder innad i instituttet.
- Med tre instituttledere for øk/ad i fakultetsledelsen, vil dette instituttet kunne kjøre over de andre instituttene i fakultetet ved uenighet. Dette er svært uheldig.
- Mulig at denne modellen kan virke «tryggere» for de fagansatte.

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Viser til allerede gitte kommentarer til modell 1, 2 og 3.

Instituttleder ved institutt for samfunnsvitenskap (Grete Nettelund)

sjå kommentarar innarbeid i svara for kvar modell

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Er kommentert under den enkelte modell

7. Kva endringar må eventuelt gjerast i valt modell for å gjere den betre?

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Endre institutt navn fra Maritimefag til nautiske fag.

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Kommentert i modellen. Navnet bør endres i ett av instituttene til institutt for økonomi- og organisasjonsfag.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Ein bør sjå om det er mogleg å samordna studieprogram på Institutt for økonomi og Institutt for samfunnsvitenskap, blant anna innan administrasjon, organisasjon og leiing.

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Det bør i etterkant av vedtatt organisering diskuteres hvorvidt øk/adm skal organiseres som institutt eller school, slik at organiseringen av det største instituttet i FØS blir hensiktsmessig og har slagkraft.

Legge til rette for samhandling på tvers av fakulteter og institutter, gjerne gjennom formaliserte kanaler.

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Modellen kan tydeliggjøres ved at stedlig ledelse klart fremgår (fagmiljøet forutsetter at instituttleder og to vise har hvert sitt campus som stedlig ledelse).

Modellen kan også tydeliggjøres ved at faggrupper fremgår eksplisitt, men fagmiljøet forutsettes at når de fremtidige instituttlederne er ansatt vil disse ha som en av sine viktigste oppgaver å få disse opprettet, implementert og samkjørt.

Fagmiljøet merker seg at det kan være elementer i modellen som drar i retning av en matrisemodell og minner om at dette er en krevende organisasjonsmodell å få til å fungere godt. Dette er verdt å merke seg også ved videre utfylling av modellen ved eventuell administrativ støtte. Fagmiljøet minner dessuten på at det er gjennom felles oppgaveløsning innen utdanning, forskning og formidling at robuste og fremragende fagmiljøet oppstår og styrkes og forutsetter at fakultetet vil ha rammebetingelser som muliggjør dette.

grete@hvl.no:

Sjå kommentarar til modell 1- alle modellane må styrke og tydeleggjere tverrgående element knytt til forskning, forskingsgrupper studietilbod, fag/disiplinar på tvers av institutta og på tvers av fakultet.

Instituttleiar Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Er kommentert under den enkelte modell

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Navneval 1:

Det er viktig at School-namnet i modell 3 og 2 har nemninga: ..Business Administration and Innovation. Det er to hovudgrunnar til dette:

- a) Dette gjør at vår School i si merkevarebygging viser ein annan nisje enn NHH og BI i Bergen. Særleg i Bergen er det vanskeleg å konkurrere med NHH om HVL ikkje synleggjer ein særleg nisje
- b) Namnet synleggjer at FØS har to mastergrader der innovasjon er viktig saman med entreprenørskap, organisasjon og leiing.
- c) Vi treng meir tid for å finne eit godt norsk namn på Øk.adm-skulen.

5) Navneval 2:

Saka til styret bør vurdere om instituttnamn i modell 1 og 3 på norsk bør være Institutt for økonomi, organisasjon og leiing. Alternativt Institutt for økonomisk-administrative fag.

8. Dersom din føretrekte modell ikkje vert valt, kva modell vil du då føretrekke?

Reiselivsskildring (Ove Oklevik)

Dersom modell 2 ikkje blir valt, vil forskningsprogrammet for Innovasjon og verdiskaping i reiselivet v/IØA føretrekka modell 3.

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Modell 2

Forskningsprogram Petromaritime Research Team (Jan Jonassen)

Modell 2 med same endringer som skrevet i modell 1.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Det er ikkje nokon annan modell som vi meiner gir god organisering av FØS.

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Model 3

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Slik vi ser det er det kun modell 1 som er hensiktsmessig sett i lys av føringene fra fusjonsplattformen, og som er rustet til å bidra til å bygge et hensiktsmessig nytt fakultet.

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Ingen av de andre modellene er interessante. Modell 3 er den modellen som er minst interessant, denne oppfattes å være 'ingen endring - ingen utvikling'.

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Er kommentert under modellane

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

Modell 2

9. Generelle innspel / eventuelle merknader

NTL (Tone Skjerdal)

NTL meiner det er viktig å velja ein modell som har oppslutning i avdelingane på tvers av dei opprinnelege høgskulane. Dette kan bli avgjerande for å skapa motivasjon for å byggja eit nytt fakultet der ein arbeider mot same mål. Samstundes må ein sørgja for at utdanningane vert leia på ein god måte, og dette meiner me ein best oppnår gjennom å ha leiing av utdanningane på kvar studiestad. Det ligg òg ein fare i at svært ulik fagleg organisering av fakulteta kan skapa ein fragmentert høgskule der me misser felles mål av syne og ikkje dreg nytte av å vera EIN høgskule. Dette kan den administrative organiseringa til ein viss grad motverka ved at fleire administrative funksjonar vert knytt til eit fellesnivå der ein kan gje tenester til ulike fakultet og institutt.

Det vert sannsynlegvis ei rekkje (venta og uventa) konsekvensar av modellvalet, uansett val. Det er difor viktig at det vert tidfesta ei evaluering for organiseringa.

Akademikerne (Pål-Albert Olsen)

Er skeptisk til å innføre engelske navn som "School of Business Administration" i modell 2 og 3. Når de andre instituttene har norske navn. Generelt kan det virke som samtlige modeller er basert på silotenking og det bør en unngå.

Avdelingsadministrasjon (Henning Norheim)

Ein må vurdere om Institutt for maritime fag kan kallas noko anna, til dømes Institutt for nautikk. Dette for å ikkje skape forvirring rundt den store satsinga på marine fag og havteknologi på Fakultet for ingeniør og naturvitenskap.

Forskningsprogram MARSafe (Helle Olteidal)

Følgende kommentarer er på vegne av MarSafe, og konsentrerer seg kun om forskningsaktivitetene, og er mer relatert til hva som IKKE er beskrevet i høyringsbrevet.. Øvrige innspill i forhold til de ulike modellene er gitt gjennom avdelingens høring

Når det gjelder plassering av forskningsgruppene er jeg ikke enig i noen av modellene – og de er jo alle like på dette området. Forskingen ble synliggjort i modellene etter FØS møtet i Bergen, men jeg kan ikke se at plasseringen er kommentert i høringsnotatet

Mine kommentarer relaterer seg i hovedsak til følgende føringer (hentet fra høringsnotat)

- Høgskolen på Vestlandet skal ha en organisering som og styrker forskningsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Sikre god kobling mellom forskningsaktivitet og undervisning
- Studenten i sentrum – forskningsbasert utdanning er primærverksemd

Det bør navngis forskningsprogram, ikke forskningsgruppe – implisitt forstår jeg ordet «gruppe» som en samling forskere som ikke har en samlet strategi, mål eller mening– med navnet program forstår jeg at det er en overordnet helhetlig strategi for forskning

Hvert forskningsprogram kan inneholde flere forskningsgrupper – tilsvarende forskningsprosjekt

Hvert institutt bør ha et eget forskningsprogram (f.eks Institutt for maritime fag har forskningsprogrammet MarSafe) – dette vil gi fakultetet totalt tre forskningsprogram

Argumentet for at hvert institutt skal ha eget forskningsprogram er knyttet til forskningsledelsen, dersom et forskningsprogram (gruppe) skal etableres på tvers av instituttene vil det være vanskelig for forskningsleder å utvikle en strategi som ivaretar alle instituttene sine interesser på en like god måte (for eksempel, dersom leder av forskningsprogrammet har bakgrunn fra og tilhører øk.adm, vil det være vanskelig å ivareta en strategi som er hensiktsmessig for maritime studier, god integrering av FoUU (den siste U'en er undervisning), og som er sammenfallende med nasjonal maritim strategi, da programleder mangler nærhet og kunnskap til området.

Motargumenten som kan komme er at ikke tilrettelegger for samarbeid på tvers – men det er jeg ikke enig i. Så lenge vi kjenner til hverandres kompetanse og forskningsinteresser er det ingen hindring for at vi trekker inn relevant kompetanse fra de andre instituttene etter behov i de ulike prosjektene – på lik linje som MarSafe i dag i sine forskningsprosjekter samarbeider med Økadm- og ingeniørmiljøene

Selv om ledelse og dekanat ikke diskuteres, vil jeg allikevel nevne dette. Forskningsprogram bør være underlagt Fakultetsleder med delegert ansvar til Programledere. Dette da leder av forskning krever forskningskompetanse (minimum doktorgrad), og det er ikke gitt at instituttleder har forskningskompetanse – en instituttleder som ivaretar faglig kvalitet vil heller ikke ha samme behov for forskningskompetanse

Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)

Av meir generelle kommentarar og saker som fell utanfor spørsmåla ovanfor, ønskjer Forskerforbundet å påpeika følgjande:

- Uavhengig av kva modell som blir vald, ønskjer Forskerforbundet å understreka føringa om einskapleg leining og at tilsette skal ha nærleik til både fagleg leining og til personalleining.
- Forskerforbundet er særskilt opptekne av korleis tilsette-medverknad skal sikrast på dei ulike nivåa ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap, og ser fram til å drøfte og bidra til å utvikle dette.
- Tilsette-medverknad blir særskilt viktig i dei vidare drøftingane om HVL sin strategi, og mellom anna i drøftingane om korleis forskninga skal organiserast på Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap, både med omsyn til lokalisering, omfang, nivå og tema. Målet bør uansett vera å oppnå ein god balanse mellom for det første å ta vare på eksisterande og sterke fagmiljø, fag-grupper og forskingsprogram, og for det andre å legge til rette for utvikling og nyskaping.

Studieleiar Nautikk (Johanne Marie Trovåg)

Den maritime utdanningen er i alle modeller organisert i et institutt for maritim utdanning (navn ikke avgjort). HVL nautikk er selvsagt helt enig i dette, og ønsker å understreke viktige momenter;

- Nautikk har behov for autonomi på et høyt nok nivå til å kunne drifte fellesgradene på en god måte – både den norske PhD-graden og den internasjonale mastergraden.
- Nautikk har behov for en instituttleder med maritim operativ bakgrunn – for å sikre legitimitet både internt og eksternt og en fagkunnskap og regelverksforståelse som er helt essensiell for kvalitetsmessig god drift og utvikling. I tillegg er det en kjensgjerning at instituttleder på et maritimt institutt bør ha inngående kjennskap til hvilken kunnskap studentene ennå ikke har opparbeidet når de er ferdige med bachelorutdanningen sin og begynner på sin sertifikatgivende fartstid, slik at det er tett sammenheng mellom den teoretiske utdanningen i bachelorgraden og den praktiske opplæringen etter endt utdanning. En slik inngående kjennskap vil man ikke ha uten at man har operativ maritim erfaring som dekksoffiser og heller ikke har vært opplæringsansvarlig om bord.
- En organisering av maritim utd. i eget institutt forenkler etablering av maritimt senter, siden mye av organisasjonen allerede er på plass gjennom instituttstrukturen.
- Gir rom for godt samarbeid innad i FØS, samt med relevante deler av spesielt FIN. Dette er svært viktig knyttet til felles studieprogram med ingeniørfag (Master + phd), samt muligheter for fremtidig samarbeid.
- Sjøfartsdirektoratet stiller krav om kvalitetssystemet som ligger til grunn for godkjenningen som maritim opplæringsinstitusjon. Av denne grunn har nautikk et eget kvalitetssystem og et sett med regelverk som er unikt i institusjonen.
- Regelverkskravene i STCW og FOR-2011-12-22 nr. 1523, samt eksterne revisjoner fra Telenor m.fl. knyttet til særskilte godkjenninger påkrevd på nautikk gir behov for sterk involvering fra instituttleder, samt nødvendig fagkunnskap.
- Samarbeidet med institusjonene som driver maritim sertifikatopplæring, både gjennom M2020 og andre sammenh., og spesielt i top-down prosjekter, synliggjør behovet for stor autonomi og kort vei til fakultetsledelsen.
- Særskilte behov for oppfølging fra instituttleder knyttet til operasjon og drift av simulatorsenteret, med tilhørende samarbeid med kommersielle aktører.
- Nautikk har ikke naturlig tilhørighet til noen av miljøene i FØS, selv om det er felles interesser med flere av miljøene innenfor de andre retningene. Det er derfor hensiktsmessig med eget institutt, men med tett samarbeid i fakultetet og i institusjonen.
- Den maritime utdanningen har et utvidet samarbeid med næringen, noe som må videreføres på minimum samme nivå. Dette krever autonomi og korte linjer til fakultetsledelsen.
- Nautikk har erfart at ulik størrelse på enheter i en avdeling ikke har noen betydning for den enkelte enhets utvikling, og ser ikke problemer med et stort og to mindre institutter.
- Viktig at forskning og utdanning er tett koblet (en nøkkelfaktor i nautikks suksess de siste 5 år). Det bør derfor knyttes et overordnet forskningsprogram til hvert institutt med en dedikert programleder, slik at forskergruppene kan koordineres og inngå i en helhetlig satsning med tydelige strategier og målsetninger.
- Forskningsprogram på tvers av instituttene ivaretar ikke alle instituttene sine strategiske interesser på en like god måte.
- Programledernehar må etablere tverrfaglig samarbeid, samt at forskningen er underlagt dekan. Dette vil sørge for samarbeid på tvers. Programlederne vil dermed ha inngående kjennskap til hverandres kompetanse og interesser, noe som legger til rette for forskningsgrupper/-prosjekter på tvers av institutt og at relevant kompetanse fra de andre instituttene dermed trekkes inn etter behov.
- Viktig å videreføre det tette samarbeidet mellom studenter og fagavdeling, og vi

Studieleiar Økonomi og administrasjon (Tone Merete Brekke)

Fagtilsatte ved campus Haugesund har tillit til at dekan og instituttledelsen ved FØS sammen tilrettelegger for videreutvikling av alle tre campus og relevante studieprogram som over tid viser seg å være økonomisk bærekraftige. Videre forutsetter de fagtilsatte at FØS ledelsen jobber for ambisiøse målsetninger for fakultetet og regionen som sådan gjennom å arbeide for utvikling av EVU tilbud, masterprogram og også doktorgradsprogram innen det økonomisk administrative fagområdet. I modell 1 er økonomi og administrasjonsmiljøet i ledergruppen representert med ett institutt (av tre) selv om fagmiljøet utgjør det største fagmiljøet i fakultetet. De fagtilsatte forutsetter at fakultetsledelsen tar denne skjevfordelingen til etterretning slik at et stort fagmiljø ikke blir neglisjert eller nedprioritert på grunn av tilsynelatende underrepresentasjon i fakultetsledelsen.

Instituttleiar ved institutt for samfunnsvitskap (Grete Nettelund)

Institutt for samfunnsvitskap har drøfta dei tre modellforslaga i instituttmøte. I tillegg har ISV -tilsette spelt inn i felles høyringsmøte for ISV og IØA, og instituttleiar har motteke nokre individuelle innspel. Det er dette som dannar bakgrunn for innspelet som kjem her. Vi vil likevel innleiingsvis presisere at det er ei utfordring å velje ein føremålstenleg struktur så lenge ein framtidig HVL-strategi enno ikkje er fastlagd.

Ein premiss for ISV si vurdering av framtidig instituttstruktur har vore at Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) skal bli sterkast muleg, at det skal kunne profilere og styrke seg i konkurranse med andre fakultet og kunne bli ein stadig viktigare ressurs for eksterne samarbeidspartnarar. Modellane har med andre ord blitt vurdert også utifrå ekspansjonsmulegheiter på tvers i HVL. Vi ønskjer å vere ein attraktiv samarbeidspart som kan levere undervisning til andre institutt innanfor og på tvers av fakultet. Vi har og eit sterkt ønske om å utvikle nye studietilbod og forskingsprosjekt på tvers av institutt- og fakultetsgrenser. Dette betyr at vi allereie no ønskjer å signalisere at vi på sikt kan tenkje oss å vere vertskap for samfunnsfagleg orienterte disiplinmiljø som no ligg til andre institutt og til andre fakultet.

Ein annan premiss har vore at det blir valt ein instituttstruktur som gjer at det «går godt» med det økonomisk-administrative fagmiljøet og dei studietilboda dette miljøet leverer. Desse vil vere ein viktig pillar i det nye fakultetet.

For å sikre eit godt samarbeid på tvers av institutt og andre fakultet, meiner vi at vi må ha ein tydeleg leiarskap og ein tydeleg leiarsstruktur. Eit anna element som har vore diskutert, har vore nærleik til personalet. Vi meiner at den modellen som løysar dette best, er modell 1.

Denne bidrar til oversikt og ryddighet i organisasjonskartet og har eit tydeleg leiarskap der tre instituttleiarar inngår i ei leiargruppe saman med dekan. Modellen vil kunne bidra til gode prosessar internt og eksternt. Høyringsforslaget kunne vore styrka på kva for mekanismar ein konkret tenkjer seg skal bidra til samarbeid internt på institutta, på tvers av institutta og på tvers av fakultet. Rolla til forskingsgrupper bør løftast fram og knytast til vurdering av kva som skal danne grunnlaget for etablering for forskingsgrupper. Er det strategiske satsingar definert i fagmiljøa eller sentralt i leiinga, og vil gruppene vere knytt til fordeling av økonomiske ressursar, t.d. med omsyn til forskingsaktivitet? Ei tilsvarande vurdering må også løftast fram for vidareutvikling av eksisterande studietilbod og utvikling av nye, på tvers av institutt og fakultet. Dette må tydeleggjerast i modellen. Slik sett må dei to tverrgåande elementa i modellen tydeleggjerast og

foreldast og supplerast med eit tverrgåande element som går på tvers av fakultet. Det er desse tre elementa som skal bidra til synergiar og redusere sub-optimalisering og silotenking innanfor det enkelte institutt og fakultet. *Sidan øk-adm-miljøet i felles høyringsmøte signaliserte at modell 2 var deira primærvæl, ber vi om at det vert vurdert om nokon av elementa frå modell 2 kan inkorporerast i modell 1, men utan at det går på kostnad av det tydelege leiarskapet og ryddigheiten som gjer at vi går for nettopp den første modellen (modell 1). Dette er ein modell som gir klare liner for studentane- dette ser vi på som svært sentralt.*

Som eit nest-beste alternativ, vurderer vi modell 2. Vi ser at denne har eit fornyande elemnet i form av kollektivt leiarskap. Konkretisering og arbeidsdeling mellom leiarane på dette nivået er førebels ikkje avklart og kan skape uklare forventningar og liner. Vi har forståing for at eit kollektivt leiarskap kan vere spennande og kreativt for utvikling av ein school, men det kan samstundes opplevast som krevjande for andre som ønskjer å samarbeide med denne. Dersom ein i denne modellen tenkjer seg å opne for ei leiargruppe på fem (1+1+3) i tillegg til dekan, kan dette gjere det vanskeleg å nå fram for dei to andre institutta som berre har 1 kvar i denne gruppa. Spesielt i ein oppstartsfase kan dette utfordre samarbeid og synergiar på tvers av institutt. For eit lite og mest truleg utsett fakultet som raskt bør vise til gode resultat, kan dette bli problematisk. Også til modell 2 har vi same kommentarar som i modell 1, at tverrgåande element som fagmiljø/disiplin, forskingsgrupper og studietilbod må tydeleggjerast og inkorporerast i modellane. Vi vil og nemne at vi er usikre på om denne modellen er tydeleg nok for studentane. Det faktum at dette instituttet er det største innanfor fakultetet med sine nesten 80 tilsette, gjer at dette poenget ikkje må undervurderast. Om denne modellen vert vald, bør den jobbast vidare med slik at den fangar opp dette med tydeleg leiarskap, klarheit for studentane og forpliktande samarbeid på tvers av heile FØS.

Med omsyn til modell 3, meiner vi at den er for lik noverande løysing og kan lett sementere dagens struktur. Samstundes kan den opplevast som ei svært lukka eining, med geografisk avgrensa institutt. Å byggje samarbeid på tvers av geografi og på tvers av fag kan bli ressurskrevjande også i denne modellen i ein oppstartsfase. Også internt i School'en kan det bli ein ressursdiskusjon som vil kunne krevje mykje merksemd i ein oppstartsfase. Utover dette gjeld også her det vi har sagt i modell 1 om behovet for tverrgåande synergifremjande element innanfor utdanning og forskning, også.

Elles har ein i møte også drøfta school-begrepet, om det er fruktbart eller ekskluderande. I høyringsmøtet vart det også nemnt at ein i så fall også burde vurdere å opprett ein School for Public Administration. Haldninga internt til omgrepet varierer. ISV erkjenner likevel at øk-adm-miljøet i Sogndal ønskjer å bli ein del av ein Handelshøgskule i framtida, og at school-omgrepet slik sett kan vere viktig for å oppnå dette. Det har vi forståing for. *Vi erkjenner at det er viktig å få eit sterkt og synleg øk-adm-miljø i FØS. Rekrutteringa og utviklinga av dette fagmiljøet i Sogndal og på tvers, er viktig for FØS. Dette ønskjer ISV også, og vi ønskjer å bidra til dette. Modellen som vert valt, må leggje til rette for ei slik utvikling.* Om det er school-omgrepet som er det som skal til for å oppnå det, veit vi ikkje. ISV meiner at dette må dekan-gruppa vurdere og konkludere på.

Instituttleder Institutt for økonomi og administrasjon (Leif Longvanes)

Nivå 3 organisering av FØS er ikkje og bør ikkje vere ei svært komplisert sak. Nokre av dei andre fakulteta har mykje større utfordringar og vanskar enn det FØS har, både pga storleik, men og grunna av at utdanningane våre er friare og meir autonome enn på tradisjonelle profesjonsutdanningar (dei fleste utdanningane på FØS er ikkje styrt av rammeplaner). Dette bør legge til rette for at faglege ambisjonar på FOU og innan utdanning bør kunne ha gode vilkår ved FØS. Organiseringa bør ta omsyn til dette, ved korte avstand til avgjerdstakar, organisering tett på studenten og ei synleg organisering for framtidige eksterne partnarar (regionale, nasjonale og internasjonale).

Instituttleder ved IØA ved Campus Sogndal går inn for ein «business school» i alle dei tre (modifiserte) modellane. Det har blitt retta kritikk mot at ein nyttar «business school» og ikkje har kome fram til eit norsk namn på «school»-modellen. Ved dei fleste andre universitet og høgskular med slik utdanning nyttar dei «handelshøgskule». Ved HVL er dette problematisk, både pga handelshøgskule i og omkring Norges Handelshøyskole er nært knytt NHH, men og fordi «handel» i liten grad dekkjer kva ein gjev utdanning i og forskar på. Kombinasjonen av desse to argumenta tilseier at ein vil nytte den engelske «business school» som nemning på den faglege primæreininga øk.adm.-utdanningane er ein del av. Vidare har ein ikkje kome fram til eit fullgodt namn for leiarar av «business school» (skulesjef/skuleleiar eignar seg best i lystige lag) så det er eit behov for å utvikle dette framover.

Institutt for økonomisk-administrative fag (Tom Skauge)

- a) Vi har hatt eit godt samarbeid med resten av organisasjonen og OU-teamet i arbeidet med struktur for nivå 3.
- b) Det er en svakhet med beslutningsprosessen at viktige strategiske val i HVL kommer i feil rekke. Design av organisasjon er eit middel til å nå mål og til å gjennomføre strategiske val. No kjem det organisatoriske middelet – instrumentvalet – først. Måla vert definerte seinare.
- c) Det er ein klar svakhet med saka som er sendt til høyring at fordeling av sers viktige administrative ressursar er uavklart. Det gjer det usikkerhet om det er kapasitet for fagleg leiing for nivå 3.
- d) Styresaken bør i større rad enn høyringsbrevet legge til grunn våre organisasjonsteoretisk innsikter om kor viktig nivå 3 er i en høgskuleorganisasjon, til liks med vår kunnskap om fordeling av administrative støtte der behov for samordning er eit argument for sentralisering, mens differensiering er eit argument for administrativ støtte i linje nær nivå 3.